

## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Korleis kan vi seie at romantikken var ein reaksjon på opplysningstida?**

### Svar

Ein skulle bruke følelsar og fantasi som kompass i jakta på meining, ikkje berre fornuft og kunnskap, slik idealet var i opplysningstida.



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Nemn tre sentrale tankar i romantikken.**

### Svar

Det guddommelege finst i alt og overalt (panteisme), diktaren var eit geni, naturen var levande.

intertekst

## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Kva kjenneteiknar venstreromantikk?**

### Svar

**Venstreromantikk:** radikal romantikk, frå England, opptatt av sjølvstende og fridom



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Kva kjenneteiknar høgreromantikk?**

### Svar

**Høgreromantikk:** konservativ romantikk, frå Tyskland, såg bakover i tid

intertekst

## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Kva kjenneteiknar skrekkromantikk?**

### Svar

**Skrekkromantikk:** frå England, opptatt av mellomalderen, særleg interesse for det overnaturlige, dramatiske landskap



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Kva kjenneteiknar nasjonalromantikk?**

### Svar

**Nasjonalromantikk:** Kvar nasjon har ei sjel. Denne folkeanda finn ein i både naturen og kulturen i eit land.

intertekst

## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Kva handlar romanen *Frankenstein* av Mary Shelley om?**

### Svar

*Frankenstein* handlar om ein ung vitskapsmann som greier å lage eit kunstig menneske av likrestar. Han mistar kontrollen over dette kunstige mennesket, og det utviklar seg til å bli eit monster.



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Kva slags syn hadde romantikarane på diktarrolla?**

**Kva var Wergeland og Welhaven ueinige om i synet på litteratur?**

### Svar

Diktaren var bindeledd mellom den skjulte, åndelege verda og menneska.

Wergeland meinte at dikt skulle vere uttrykk for sterke følelsar. Livsglede og spontanitet var sentrale følelsar for å komme i kontakt med det som var ekte. Opprør og originalitet var viktige ideal.

Welhaven meinte at dikt skulle vere «nydelig, tydelig og prydelig». Om diktet hadde ei gjennomarbeidd form, ville innhaldet bli tydelegare for lesaren, meinte han.

intertekst



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Kva slags ulike politiske syn hadde Wergeland og Welhaven?**

### Svar

**Wergeland** støtta norsk sjølvstende og ville at bonden skulle få styrkt stillinga si i samfunnet. Han ville ha meir makt til folk flest.

**Welhaven** ville halde på det danske. Danmark var ein kulturnasjon, og Noreg tente på å vere i union med danskane. Welhaven meinte at landet var for umodent til å klare seg utan Danmark.



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Grunngi påstanden: Henrik Wergeland var opplysningsmann.**

### Svar

Wergeland arbeidde for at folk flest, for eksempel bønder, skulle få tilgang til kunnskap.

intertekst

## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Kva slags ulike politiske syn hadde Wergeland og Welhaven?**

### Svar

**Wergeland** støtta norsk sjølvstende og ville at bonden skulle få styrkt stillinga si i samfunnet. Han ville ha meir makt til folk flest.

**Welhaven** ville halde på det danske. Danmark var ein kulturnasjon, og Noreg tente på å vere i union med danskane. Welhaven meinte at landet var for umodent til å klare seg utan Danmark.



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Grunngi påstanden: Henrik Wergeland var opplysningsmann.**

### Svar

Wergeland arbeidde for at folk flest, for eksempel bønder, skulle få tilgang til kunnskap.

intertekst

## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Grunngi påstanden: Henrik Wergeland var venstreromantikar.**

### Svar

Wergeland skreiv dikt som idealiserte fridom. Han var opptatt av opprør og originalitet i diktinga si.



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Korleis brukte Wergeland naturen i diktinga si?**

### Svar

Både som motiv og språklege bilde. Han tar utgangspunkt i både blomstrar og dyr når han skal skildre følelsar. Naturen var ekte og ein stad der han kunne komme i kontakt med det guddommelege.

intertekst

## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Kvifor var Welhaven så opptatt av å halde dei spontane følelsane tilbake?**

### Svar

Om ein kunne halde dei spontane følelsane tilbake, kunne ein skrive dikt der lesaren fekk ei moglegheit til ettertanke og erindring.



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Grunngi påstanden: For Welhaven var forma og innhaldet i dikt to sider av same sak.**

### Svar

Ei stram form førte til ein klar tanke.

intertekst



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Korleis brukte Welhaven naturen i diktinga si?**

### Svar

Welhaven brukte naturen som motiv og språkleg verkemiddel i dikta sine. Tornetreet brukte han som symbol på seg sjølv.



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Beskriv det norske samfunnet etter 1814.**

### Svar

Eit klassesamfunn. Folk flest var bønder. Kulturell og økonomisk makt var knytt til det danske.

intertekst

## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**På kva måte var Noreg eit klassesamfunn på 1800-talet?**

### Svar

90 % dreiv med jordbruk, og 10 % var embetsmenn. Det var dei siste som hadde den økonomiske og kulturelle makta.



## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Kva er «det nasjonale gjennombrøtet»?**

### Svar

Det var då nasjonalromantiske tankar fekk gjennomslag i Noreg. Folk med felles språk, kultur og historie har rett på ein eigen nasjon.

intertekst

## Dialogkort vg2

Kapittel 13 Romantikk og nasjonalromantikk

### Spørsmål

**Kva meiner ein med at å finne den norske folkesjela var hardt kroppsarbeid?**

### Svar

For å finne den særnorske kulturen, det særnorske språket og den særnorske historia måtte ein reise rundt i landet og samle inn kulturuttrykk. Å reise rundt i landet var hardt arbeid.



intertekst